



Blir det no gjeve grønt lys for eit tretelt også på Øyro? Dette står på Rabben, like ved Skjoldal sin vogn. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tretelt-saka på Øyro Marina og Camping har no truleg kome eit skritt vidare, etter ei ny purring frå Sigmund Skjoldal i Tønsberg. Han ynskjer å setta opp eit tretelt til campingvogna si.

Då han etter fleire purringar i år ikkje hadde fått svar på søknaden sin, påpeika han at det nyleg er sett opp isocamp til ei vogn på Rabben feriesenter. Han spurde om dette er lov der og ikkje på Øyro.

No har verksemdsleiar Tormod Fossheim svara og seier seg lei for at Skjoldal ikkje har fått svar tidlegare. Fossheim peikar på at det er byggje- og deleforbod i området i påvente av reguleringsplanen og at dette spesielt gjeld vognane på tangen.

Såvidt Fossheim skjønar står ikkje vognane til Skjoldal på tanken og difor kan denne saka vurderast separat.

Fosheim bed søkjaren laga ein situasjonsplan som viser vognane hans og kor treteltet skal vera. Han bed også Skjoldal laga ei enkel teikning med mål slik at kommunen kan vurdere det opp mot føresegnene. Fossheim lovar at når kommunen mottok dette, skal Skjoldal få ei rask behandling.

Av Ola Matti Mathisen